



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Sluttrapport frå den kommunale oppreisingsordninga i Sogn og Fjordane

1.1.2011-1.1.2013



Innhald

1. Innleiing/samandrag	2
2. Bakgrunn	3
3. Rammer for oppreisingsordninga	3
3.1 Ansvarsgrunnlag	3
3.2 Vilkår for å søkje og motta oppreising	4
3.3 Kriterium for utmåling av oppreising	4
3.4 Beviskrav	5
4. Oppreisingsutval og sekretariat	6
4.1 Arbeidet i oppreisingsutvalet	6
4.2 Arbeidet i sekretariatet	7
5. Opplysningar om søkjarane	8
5.1 Fordeling etter kjønn og alder	8
5.2 Alder ved plassering	8
5.3 Tal år under plassering	9
5.4 Plasseringsstadar	9
5.5 Bakgrunn for plasseringane	10
5.6 Tal søknadar og vedtak om oppreising fordelt på deltakarkommunane	10
6. Sakshandsaminga	11
6.1 Søknad og søknadsprosess	11
6.2 Innhenting av informasjon	12
6.3 Samarbeid med kommunen	12
6.4 Utarbeiding av saksframstilling	12
7. Resultat etter handsaming i Oppreisingsutvalet	13
7.1 Oppreising for fysiske/psykiske og seksuelle overgrep	13
7.2 Oppreising for fysisk og psykisk omsorgssvikt	13
7.3 Avslag på innkomne søknadar	14
7.4 Avvising av innkomne søknadar	14
7.5 Klager på vedtak fatta av oppreisingsutvalet	15
7.6 Advokatbistand i søknadsprosess	15
7.7 Vedtaksbrev til søkjarane	15
7.8 Sakshandsamingstid	16
8. Oversikt over utgifter	16
8.1 Oppreisingsbeløp fordelt på deltakarkommunane	16
8.2 Driftsutgifter	17
9. Avslutning	18
Litteraturliste	19

1. Innleiing/samandrag

Sekretariatet i oppreisingsordninga legg fram sin sluttrapport frå arbeidet i den kommunale oppreisingsordninga i Sogn og Fjordane.

Føremålet med oppreisingsordninga har vore å gje oppreising på moralsk grunnlag til dei personar som vart utsett for omsorgssvikt og overgrep medan dei var under kommunal omsorg og plassert utanfor heimen, i skuleheim, spesialskule eller fosterheim av dei samarbeidande kommunane før 1.1.1993.

Den kommunale ordninga har vore i drift i tidsperioden 1.1.2011 til 1.1.2013. Ordninga har vore eit tidsavgrensa samarbeid om å løyse ikkje-lovpålagte oppgåver med utgangspunkt i kommunelova § 6.

Deltakarkommunane har vore: Askvoll, Aurland, Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Solund, Stryn, Vik, Vågsøy, Årdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Oppreisingsutvalet har ikkje hatt søknader frå personar frå følgjande deltakarkommunar: Askvoll, Solund, Gulen, Gaular, Hornindal og Aurland.

Oppreisingsutval:

Arvid Mellingen, leiar av utvalet (advokat)
Wenche Søvik Myklebust (klinisk psykolog)
Inger Johanne Solheim (klinisk sosionom/can.polit.)

Sekretariat:

Merete Myklebust - rådgjevar frå 1.1.2011 til 1.7.2011 (jurist)
Karen Steingildra - konsulent frå 1.7.2011 til 1.5.2013 (sosionom)

Oppreisingsutvalet har i denne perioden handsama 57 søknadar. Det er innvilga oppreising i 37 saker. Deltakarkommunane har til saman utbetalt 22 400 000 kroner i oppreising. To klagesaker er pr. dags dato ikkje ferdig handsama i kommunane sitt klageorgan.

<i>Overgrep/omsorgssvikt</i>	<i>Oppreisingsum pr. sak</i>	<i>Søknadar innvilga</i>	<i>Sum oppreising</i>
Fysiske /psykiske og seksuelle overgrep	kr 725 000	20	kr 14 500 000
Fysiske og psykiske overgrep	kr 500 000	14	kr 7 000 000
Omsorgssvikt	kr 300 000	3	kr 900 000
Sum		37	kr 22 400 000

Sakene dokumenterer at mange av søkjarane har vore plassert i fosterheim og på institusjonar både i og utanfor Sogn og Fjordane fylke. Vidare kjem det fram at det ved nokre institusjonar/tiltak har vore ei opphoping av plasseringar frå Sogn og Fjordane. Tabellen nedanfor viser til type tiltak/institusjonar som har peika seg ut:

<i>Plasseringsstader</i>
Sogn barneheim, Leikanger i Sogn
Eikelund spesialskeule, Bergen
Barnesatorium
Fosterheim i/utanfor fylket

Rapporten summerer opp sekretariatet og oppreisingsutvalet sitt arbeid gjennom prosjektperioden. Struktura i rapporten tek utgangspunkt i det mandat som vart gitt oppreisingsutvalet og sekretariatet gjennom vedtektene i ordninga.

2. Bakgrunn

Fylkesstyret i Kommunenes Sentralforbund i Sogn og Fjordane vedtok i mars 2009 å etablere ei arbeidsgruppe som skulle utgreie og kome med forslag til ei felles oppreisingsordning i Sogn og Fjordane.

Arbeidsgruppa leverte sin rapport med forslag til vedtekter 28. april 2010. Innstillinga frå arbeidsgruppa vart handsama i KS sitt rådmannsutval og fylkesstyre og presentert på KS Sogn og Fjordane sin haustkonferanse i oktober 2009. Formell høyringssunde i kommunane vart gjennomført. Resultatet vart at alle kommunane i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune slutta seg til ordninga.

Fylkeskommunen har hatt ansvar for driftinga av ordninga på vegne av kommunane og seg sjølv. Deltakarkommunane overførte mynde til fylkeskommunen til å førebu og ta avgjerd i sakene frå tidspunktet ordninga vart iverksett. Fylkeskommunen la avgjerdsmynde til eit oppreisingsutval.

Vedtektene og dei føringar som vart lagt har danna det rettslege utgangspunkt for handsaming av sakene.

3. Rammer for oppreisingsordninga

3.1 Ansvarsgrunnlag

§ 1 Føremål

Deltakarkommunane ønskjer med denne oppreisingsordninga å ta eit moralsk ansvar for, og gi ei oppreisning og ei orsaking utan atterhald til, personar som då dei var barn, vart utsett for overgrep eller omsorgssviikt i institusjon, fosterheim eller under anna plassering av deltakarkommunane i perioden før 1. januar 1993. Oppreisning skal ikkje vurderast med grunnlag i juridisk ansvar.

Det formelle ansvaret for barneheimar, spesialskeular og seinare alle typar barneverninstitusjonar har vore delt mellom stat, kommune, fylkeskommune og private. Ansvaret har vore dels eit driftsansvar, dels eit tilsynsansvar.

Fram til 1980 utøvde kommunane ansvaret gjennom barnevernemnder med heimel i barnvernlova av 17.7.1953 . Ved ei lovending av 8.6.1979, sett i kraft 1.1.1980, vart barnevernemndene erstatta av helse- og sosialstyre i kvar kommune. Fylkeskommunen fekk ansvaret for å opprette og drive fosterheimssentralar (seinare fosterheimstenesta) som skulle hjelpe kommunane med plassering av fosterbarn, i tillegg til ansvaret for barneheimane. Staten hadde det overordna tilsyns- og godkjenningsansvaret.

Staten har gjennom sine rettferdsvederlagsordningar teke sitt ansvar. Personar har hatt høve til å søkje oppreisning frå begge ordningane utan at det vart gjort avkorting i erstatningsbeløp.

3.2 Vilkår for å søkje og motta oppreisning

§ 6 Vilkår for å søkje om kommunal oppreisning

Den felles kommunale oppreisingsordninga skal gjelde for barn som har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt medan dei var plassert under kommunal omsorg før 1. januar 1993. Det kan gjelde personar som har vore plassert utanfor heimen, i institusjon, skuleheim, spesialskule eller fosterheim av deltakarkommunane.

Retten til oppreisning var knytt til vilkåret om å vere under kommunal omsorg og plassert av ein av deltakarkommunane.

Plasseringsvilkåret vart vurdert utfrå gjeldande lovgjeving på det tidspunktet for plassering. Ifølgje vedtektene omfatta ordninga plasseringar ubegrensa bakover i tid. Det har betydd at ordninga omfatta plasseringar gjort etter vergemåls- og forsorgslovene fram til ny barnevernlov kom i 1953.

Oppreisingsutvalet har lagt til grunn ei vid tolking av kommunal omsorg til ikkje berre å omfatte born plassert av barnevernet.

Oppreisingsordninga har lagt saker der born vart plasserte på psykiatriske behandlingsinstitusjonar under ordninga då årsaken til plasseringane har vore både ein vanskeleg omsorgssituasjon og bornet si eiga helse og utvikling.

Vidare har oppreisningutvalet lagt saker som gjeld born innlagt i barnesanatorium på grunn av tuberkulosesmitte inn under ordninga. Dette fordi kommunane hadde eit særskilt lovpålagt ansvar for tuberkuloseramma, samt at plasseringane i sanatorium hadde mange samanfallande trekk med barneheimane.

Private plasseringar der foreldra har plassert born hjå eigen familie/slekt eller på barneheim/institusjon, har ikkje vore omfatta av ordninga. Dersom det vart dokumentert at heimkommunen var involvert i plasseringa, la utvalet saka under ordninga.

3.3 Kriterium for utmåling av oppreisning

Det gjekk fram av oppreisingsordninga sine vedtekter kva som skulle leggest til grunn for utmåling av oppreisning. Begrepa «omsorgssvikt» og «overgrep» vart nytta og gradert frå mindre omfattande til alvorleg og grovt.

§ 7 Kriterium for utmåling av oppreisning

Ved vurderinga av om oppreisning skal gjevast og storleiken på oppreisninga, skal det skiljast mellom aktive overgrepshandlingar, dvs. konkrete ulovlege og straffbare handlingar, og det som kan kallast passive handlingar, dvs. omsorgssvikt.

Overgrep

Til dei som gjennom eigenklæring og eventuell annan dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsett for seksuelle overgrep eller grov psykisk eller fysisk vold, ytast ei oppreisning på 725 000 kroner. Det same gjeld for dei som har vore utsett for gjentekne overgrep, berunder ein tilstand som kan karakteriserast som vedvarande barnarbeid.

Til dei som gjennom eigenklæringar og eventuell anna dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsett for andre overgrep, ytast ei oppreisning på 500 000 kroner.

Omsorgssvikt

Til dei som gjennom eigenklæringar og eventuell annan dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsett for omsorgssvikt, ytast ei oppreisning på 300 000 kroner. Dersom omsorgssvikten vert vurdert som så omfattande og påført over så lang til at skadeverknadane vurderast som ekstraordinære, kan høgare oppreisingsbeløp innvilgast.

Felles for overgrep og omsorgssvikt

Søkjjarar som får tilkjent ei oppreisning for å ha vore utsett for overgrep, kan ikkje i tillegg få oppreisning for omsorgssvikt.

3.4 Beviskrav

Oppreisingsordninga byggjer på eit moralsk ansvar og ikkje eit juridisk. Retten til oppreisning vart utløyst ved at søkjar klargjorde å ha vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt.

§ 8 Sakshandsaming

Ved vurderinga av søknaden skal det gjennomførast ei vurdering av den dokumentasjon som ligg føre i saken. Det må i utgangspunktet krevjast klar sannsynleggjering for at utvalet skal legge til grunn at søkjar har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt. Ved den skjønnsmessige vurderinga utvalet her må foreta, skal søkjaren si eiga forklaring tilleggast stor vekt, sjølv om det ikkje er anna bevis som understøttar denne forklaringa.

Begrepet klar sannsynleggjering er i samsvar med beviskrav i saker som gjeld oppreisingserstatning. Vedtektene nytta begrepet «i utgangspunktet» som viser til at beviskravet var senka i tråd med intensjonen om at ordninga var ei moralsk ordning.

Søklar si eigenklæring vart lagt til grunn saman med anna dokumentasjon. Oppreisingsutvalet har gjennomført ei fullstendig bevisvurdering i kvar enkelt sak. Vurderingane vart gjort på bakgrunn av lovgjeving og praksis i den aktuelle tidsperioden.

Oppreisingsutvalet og sekretariatet har hatt nytte av ulike granskingsrapportar og NOU 2004:23: «Barnehjem og spesialskoler under lupen» i samband med handsaming av søknadane.

Granskingsrapporten frå Bergen i 2003 og Fylkesmannen sin granskingsrapport i Rogaland i 2008 har omfatta institusjonar der fleire av søkjarane har vore plassert.

Oppreisingsutvalet har handsama ein del søknadar så langt tilbake som til 1930-talet, ein periode som ikkje har vore granska. Vidare har oppreisingsutvalet handsama relativt mange søknader som gjeld plasseringar ved Sogn barneheim. Kjerstin Risnes si masteroppgåve i historie frå 2008 «Det er makt i de foldede hender» som omhandlar Sogn barnheim i perioden 1891–1950, har vore til nytte i desse sakene.

Sekretariatet har hatt kontakt med tidlegare leiarar for oppreisingsordningane i Bergen og Trondheim i tilknytning til konkrete institusjonar. Vidare har sekretariatet ved eit høve intervjuet ein tidlegare tilsett ved ein institusjon.

Tilhøva i fosterheimane er ikkje granska på same måte som institusjonane. Ved søknadar frå tidlegare fosterbarn har ikkje fosterforeldra hatt egne partsrettar. Dei har difor ikkje fått informasjon om kva søkjar har opplyst om i sin søknad. Dette som følgje av at det kontradiktoriske prinsipp ikkje var gjort gjeldande innanfor ordninga. Praksis har då vore at fosterforeldra ikkje har vore namngitt i saksframlegget frå sekretariatet. Dette for å sikre størst mogleg grad av anonymitet. Støtte har då oppreisingsutvalet funne i barnevernsdokumenta, intervju med tilsette i fosterheimstiltak, intervju med søkjar sitt nettverk og behandlarar innan psykiatrien.

I fleire saker hadde søkjarane søkt oppreising gjennom rettferdsvederlagsordningane til staten før dei søkte til ordninga vår. Sekretariatet innhenta saksdokumenta frå staten i desse sakene.

I saker som gjeld sanatoriebarna har utvalet funne støtte i Torleif Eikeland si doktoravhandling av 2007: «Om å vokse opp på barnehjem og sykehus». Avhandlinga er ei kartlegging av utvalde barneheimar og barnesanatorium i tidsperioden 1945 til 1955.

Vidare har utvalet nytta artiklar frå Nasjonalt medisinsk museum/Teknisk museum om sanatoriebarn i Norge i 1950- og 60-åra. Artiklane omhandlar intervju med personar som var innlagt ved ulike sanatorium som barn.

Etter kvart som oppreisingsutvalet handsama fleire saker, vart søkjar si framstilling støtta av andre sine forklaringar.

4. Oppreisingsutval og sekretariat

Etableringa av oppreisingsutvalet og sekretariatet hadde som mål å sikre framdrift og likeverdig handsaming av søknadane. Vidare var det viktig at søkjarane fekk ein konkret stad å vende seg til med sine søknadar og historier.

4.1 Arbeidet i oppreisingsutvalet

§ 4 Oppreisingsutval for deltakarkommunane
Sogn og Fjordane fylkeskommune opprettar eit oppreisingsutval som skal avgjere søknadane om oppreising. Utvalet skal bestå av tre medlemmar. Leiar av utvalet skal vere jurist med relevant erfaring og kompetanse. Dei øvrige medlemmane skal ha relevant erfaring og helse- og sosialfagleg kompetanse. Utvalsmedlemmar skal oppnemnast for heile perioden utvalet skal fungere.

Dei valde medlemmane har fungert under heile prosjektperioden og har hatt den nødvendige fagkompetanse som vart kravd. Møta i utvalet har vore lukka. Utvalet har ikkje hatt direkte kontakt med søkjarane. Konsulenten i sekretariatet har vore til stades under møta.

Utvalet hadde eit førebunde møte saman med sekretariatet hausten 2010. Utvalet har vidare hatt fire møte i 2011, fire møte i 2012 og to møte i 2013.

Oppreisingsutvalet har i sakene motteke alle saksdokument saman med ei saksutgreiing med tilråding utarbeidd av sekretariatet. Utvalet har gitt uttrykk for at sakene har vore grundige og tilstrekkeleg opplyst til å kunne treffe eit forsvarleg vedtak.

Utvalsvedtak vart fatta gjennom fleirtalsvedtak. Utvalet har vore vedtaksført når minst halvparten av medlemmane var til stades. Alle medlemmane har delteke i møta der saker har vore handsama. Ved tre saker har eit av utvalsmedlemmane vore ugild og ikkje delteke i handsaminga av sakene. Alle vedtak i utvalet har vore samrøystes.

Leiar for utvalet har gitt uttale i samband med pressemeldingar som vart sendt ut etter kvart møte. Sekretariatet har hatt kontakt med utvalsleiar ved behov for avklaringar i høve til vedtektene og i spørsmål av meir prinsipiell karakter.

4.2 Arbeidet i sekretariatet

§ 5 Sekretariat for oppreisingsutvalet

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretter eit sekretariat for oppreisingsutvalet.

Utvalet sitt sekretariat har hatt kontor i Fylkeshuset på Leikanger og vore knytt til fylkesrådmannen sin stab.

Arbeidet i startfasen vart ivareteke av ein jurist i fylkesrådmannen sin stab fram til 1.7.2011. Stillinga vart utvida til ei 100 prosent stilling frå juli 2011 då ny sakshandsamar med sosialfagleg bakgrunn vart tilsett.

Sekretariatet starta arbeidet med å utforme søknadsskjema og informasjonsbrosjyre, formulere kunngjeringstekst og anna relevant informasjonsmateriell.

Det vart laga ei eiga nettside for ordninga under fylkeskommunen si heimeside der søknadsskjema og vedtektene kunne lastast ned. Deltakarkommunane laga sine lenkjer frå egne nettsider til fylkeskommunen si heimeside.

Informasjonsmateriell vart sendt ut til alle kommunane for distribusjon innan eigen kommune og til instansar som Nav, helsesenter/psykisk helse. Vidare vart informasjonsmateriell sendt til sjukehus og 2. linjetenesta innan psykisk helse. Sekretariatet har i tillegg samarbeid med Sjømannsmisjonen distribuert informasjonsmateriell til sjømannskyrkjene utanlands.

Oppreisingsordninga vart annonsert både i 2011 og 2012 i regionaviser, riksaviser og gjennom egne presseoppslag. Pressemeldingar vart sendt ut etter kvar møte i oppreisingsutvalet. Det er vårt inntrykk at pressa har fanga opp og brukt desse både i avis og på nett. Sekretariatet har til saman sendt ut 13 pressemeldingar.

Ein søkjar vart intervjuet av NRK Sogn og Fjordane og intervjuet vart sendt på Vestlandsrevyen. Sogn Avis hadde hausten 2011 ein større artikkel der sekretariatet og tre av søkjarane som hadde fått oppreising vart intervjuet.


Oppreisingsutvalet vart vidare intervjuet på NRK Sogn og Fjordane i desember 2012.

5. Opplysningar om søkjarane

Oppreisingsutvalet har motteke 57 søknadar. Dei fleste søkjarar har søkt oppreising både for overgrep og omsorgssvikt. I tillegg har fleire søkjarar søkt oppreising for feilplassering som ein del av søknaden. Dette gjeld i hovudsak søkjarar som var plasserte ved spesialskulane. Utvalet vurderte at spørsmålet om feilplassering låg utanfor ordninga. Av vedtektene har det gått fram at det var omsorgstilhøva der borna var plassert som skulle vurderast.

5.1 Fordeling etter kjønn og alder


Når det gjeld kjønnsfordelinga har ordninga motteke søknadar frå 32 menn og 25 kvinner. Tabellen nedanfor viser fordeling i alder på søkjarane i høve til fødselsår:




Tabellen viser at mange søkjarar er å finne i aldersgruppa fødd i tidsperioden 1950 til 1960. Den eldste søkjararen er fødd i 1923 (88 år) og den yngste er fødd i 1985 (27 år).

5.2 Alder ved plassering

Oppreisingsutvalet har lagt vekt på alder ved plasseringa og kor lenge borna var plassert i sine vurderingar. Tabellen nedanfor viser alder på søkjarane ved første plassering:



5.3 Tal år under plassering



Mange av søkjarane har vore plasserte over svært mange år. Lengre opphald har i nokre tilfelle likevel ikkje gitt høg oppreisning, medan eit kort opphald har gitt høgt oppreisingsbeløp. Det avgjerande har vore omsorgsstilhøva søkjar levde under.

5.4 Plasseringsstadar

Mange av søkjarane har vore plasserte på fleire stader medan dei var under offentleg omsorg. Fleire har vore plasserte først på barneheim, deretter i fosterheim eller på spesialskule. Andre har vore plasserte i fleire fosterheimar eller på fleire institusjonar. Ein søkjar var plassert i 4 fosterheimar over ein periode på 13 år.

Tabellen nedanfor viser plasseringsstad og tal plasseringar frå deltakarkommunane:

Plasseringsstad	Tal
Jacob R. Olsens barneheim, Bergen	1
Christian Michelsens barneheim, Bergen	1
Sunnmørsheimen, Ørsta	3
Sogn barneheim, Leikanger	13
Ulvsnæsøy offentlege skule, Hordaland	3
Eikelund offentlege skule, Bergen	10
Søreide skule, Gloppen	2
Statens senter for barne- og ungd. psykiatri, Oslo	2
Åsgård skule for barn med tilpassingsvanskar, Hokksund	1
Lindøya skule for barn med åtferdsvanskar, Stavanger	1
Einemo omsorgs- og arbeidstiltak, Florø	1
Statens senter for stamme, Halmrast	2
Bregnetunet barne- og ungdomsheim, Førde	1
Skili psykiatriske behandlingsheim, Dokka	1
Hassel skule for barn med tilpassingsvanskar, Skotselv	1
Fanastølen psykiatriske behandlingsheim, Bergen	1
Reknes barnesanasatorium, Molde	4
Grefsen barnesanasatorium, Oslo	1
Bredtvedt skule for barn med språkvanskar, Oslo	1
Storemyra Ritell, Bjugn i Sør- Trøndelag	1
Kysthospitalet i Hagavik, Bergen	1
Fosterheimar i/utanfor fylket	18
Austjord offentlege skule, Hønefoss	1
Halsenøy offentlege skule, Bergen	3

5.5 Bakgrunn for plasseringane

Det vart rapportert ulike årsaker til at borna vart plassert. Der tilhøva i heimen var ein del av grunnlaget for plasseringa, vart det rapportert om omsorgssvikt/overgrep, psykiske vanskar hjå foreldra, dødsfall, fattigdom, rus og skilsmål.

Der forhold ved borna sjølv har vore grunnlaget for plasseringa, vart det rapportert om dårlege evner og skulevanskar, psykiske vanskar, tilpassingsvanskar/åtferdsvanskar som skulking, tjuveri, rømming og vanskar i relasjon til andre born.

Gjennomgåande har bakgrunn for plasseringane vore ein kombinasjon av tilhøva i heimen og forhold ved borna sjølv.

5.6 Tal søknadar og vedtak om oppreising fordelt på deltakarkommunane

Kommune	Søknadar	Innvilga
Balestrand	2	2
Bremanger	2	2
Eid	4	4
Fjaler	1	0
Flora	4	0
Førde	3	2
Gloppen	2	1
Hyllestad	1	1
Høyanger	3	3
Jølster	1	1
Leikanger	3	3
Luster	3	2
Lærdal	2	2
Naustdal	2	2
Selje	1	1
Sogndal	2	1
Stryn	1	0
Vågsøy	11	9
Årdal	9	4
Fylkeskommunen	10 (medansvar)	6 (medansvar)

Kommunar som ikkje er nemnd i tabellen har ikkje hatt saker/plasseringar innanfor ordninga. Dette gjeld kommunane Solund, Hornindal, Gulen, Vik, Askvoll og Aurland og Gaular.

I tre av sakene har utvalet fordelt ansvaret for oppreisinga mellom to kommunar. I tabellen er sakene satt opp på begge kommunane.

6. Sakshandsaminga

§ 8 Sakshandsaming

Søknad om oppreisning skal framsettast for oppreisingsutvalet sitt sekretariat v/ Sogn og Fjordane fylkeskommune. Søknaden må framsettast skriftleg.

Vidare må søknaden beskrive dei forhold som ligg til grunn for kravet om oppreisning. Sekretariatet skal gje naudsynt rettleiing og hjelp til søkjarane til utforming av søknadane. Med søknaden bør det følgje relevant dokumentasjon.

Sekretariatet skal samarbeide med søkjarane om supplerande opplysninga, dersom det er naudsynt for å sikre at søknaden blir godt nok opplyst til at det er forsvarleg å treffe vedtak.

Sekretariatet skal samarbeide med deltakarkommunen for å få inn naudsynte opplysingar. Kommunen skal ha høve til å gje sine merknader til søknaden snarast mogleg og seinast innan ein frist på 6 veker.

Sekretariatet førebur søknadane, og avgir grunngjeven innstilling til oppreisingsutvalet.

6.1 Søknad og søknadsprosess

Mange av søkjarane har sjølve sendt inn søknaden sin med utfylt søknadsskjema og skriven eigenerklæring. Nokre har fått hjelp til å søkje frå ulike offentlege kontor eller hjelpeinstansar til å søkje. Tre søkjarar har søkt direkte til kommunen som har oversendt søknaden til oppreisingsordninga. Fleire har av ulike årsaker ønska hjelp frå sekretariatet til å skrive eigenerklæringa si.

Alle søknadane vart registrert i fylkeskommunen sitt datasystem. Det vart oppretta ei eige mappe med dokumentliste både i lukka datasystem og i eit eige fysisk arkiv der alle dokumenta og korrespondansen vart registrert. Søkjar har hatt tilgang til dokumenter innhenta i si eiga sak undervegs i søknadsprosessen, noko mange har nytta seg av.

Vidare vart det sendt brev til søkjar om at søknaden var motteke og at forventna sakshandsamingstid normalt ikkje skulle gå ut over 6 månader.

Sekretariatet har i dei fleste sakene intervjuja søkjarane. Intervjua vart gjennomført både på Fylkeshuset, i søkjar sin heim og ved at kommunane har stilt møterom til disposisjon for samtale ute i kommunane.

Sekretariatet har så langt som råd vore to personar til stades under intervjuet for å sikre at informasjonen søkjar gav vart korrekt oppfatta. Ein søkjar takka nei til intervju og sekretariatet respekterte søkjar sitt val.

Det vart i forkant utarbeidd ein intervjujal/momentliste som vart brukt ved intervju med søkjarane. Før intervjuet vart denne sendt ut til søkjar. Søkjarane har utan unntak uttrykt at dette har vore til hjelp for dei.

Referatet frå intervjuet vart sendt til søkjar for merknadar og lagt ved som dokument i saka. Sekretariatet har og intervjuja nokre søkjarar pr. telefon for å få ei utdjuping av søknadane. I to saker har sekretariatet intervjuja tidlegare tilsette.

Sekretariatet har og ytt søkjarar hjelp i samband med søknad om statleg rettferdsvederlag. Sekretariatet har ytt bistand til å skrive søknad til tre personar.

Sekretariatet har vidare hatt kontakt med fleire personar frå andre kommunar som ikkje har etablert si eiga oppreisingsordning og som har ønskja hjelp til å søkje oppreisning.

6.2 Innhenting av informasjon

Dei som søkte oppreisning samtykka samstundes i følgjande ved å signere søknadsskjema:
«Eg samtykker i at det i forbindelse med handsaming av denne søknaden, kan innhentast naudsynte opplysingar om meg der dei måtte finnast».

I dei fleste sakene har det vore naudsynt for sekretariatet å innhente dokumentasjon frå arkiva. Sekretariatet sende brev til arkiva med krav om innsyn og oversending av dokumenter. Søkjar si samtykkefullmakt vart lagt ved brevet.

Sentrale arkiv har vore Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, statsarkiva, riksarkiva, arkiva innan barne- og ungdomspsykiatrisk teneste og ulike interkommunale arkiv på landsbasis. Sekretariatet har vidare kontakta kommunane direkte for å få sendt over arkivmateriale frå kommunane.

Sekretariatet har hatt god hjelp av dei ovannemnde offentlege arkiva og erfart at det har vore lagt ned store ressursar i å bistå sekretariatet. Særns nytte har sekretariatet hatt av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og arkivtenesta i kommunane.

I alle saker vart det funne arkivmateriale som kunne dokumentere søkjar sitt opphald med unnatak av ei sak. Dokumenta har likevel i innhald og omfang vore av varierende karakter med omsyn til å kaste lys over søkjar sitt opphald under plassering.

I eit fåtal saker har sekretariatet innhenta opplysingar frå lækjarar, psykologar etc. Ofte har søkjar sjølv lagt ved uttalar frå sakkunnige.

6.3 Samarbeid med kommunen

I kvar sak har sekretariatet sendt brev til kommunen der kommunen hadde høve til å gje ein skriftleg uttale til søknaden innan ein tidsfrist på seks veker. Søkjar sin søknad med eigenerklæring, samt referat og innhenta dokument vart sendt kommunen saman med brevet. I nokre saker hadde kommunane sjølv arkivmaterialet i den aktuelle saka.

Det har vore varierende praksis blant kommunane i høve til å nytte seg av denne moglegheita. Uttalen frå kommunen vart lagt ved som dokument i saka og referert i samsframlegget.

6.4 Utarbeiding av saksframstilling

På bakgrunn av søkjar si eigenerklæring, intervju og innhenta dokumentasjon utarbeidde sekretariatet ei saksframstilling med tilråding i den einskilde saka til oppreisingsutvalet.

Saksframlegg med dokument vart sendt utvalsmedlemmane ca. ei veke før utvalsmøtet. Det same vart gjort med klagesakene.

7. Resultat etter handsaming i Oppreisingsutvalet

7.1 Oppreising for fysiske/psykiske og seksuelle overgrep

Av dei 57 søknadane utvalet har handsama, vart det fatta 34 vedtak om oppreising for overgrep. Med fysiske, psykiske og seksuelle overgrep har utvalet lagt til grunn følgjande:

«Med **seksuelle overgrep** meiner ein seksuell aktivitet mellom ein vaksen og barn, der den vaksne utnytter barnet sin tilknytning og umodenskap for sin eigen seksuelle tilfredsstilling. Med **fysisk vold** meiner ein fysisk handling som skader, smerter, skremmer eller krenker eit anna menneske. Døme er slag, brenning, utsvelting og liknande.

Med **psykisk vold** meiner ein einkvar form for åtferd ved bruk av ord eller handlingar som skader, smerter, skremmer, krenker eller kontrollerer eit anna menneske. Døme er fiendtleg haldning som kjem til uttrykk gjennom nedvurdering, latterleggjering og trussel om straff.»

Overgrep	Søknadar	Innvilga	Oppreisingsbeløp
Fysiske/psykiske og seksuelle overgrep 725 000 kroner	48	20	14 500 000
Fysiske og psykiske overgrep 500 000 kroner		14	7 000 000
Sum	48	34	21 500 000

Rapporterte overgrep omfatta ulike typar fysisk straff som slag, øyrefik, lugging, innestenging i mørke rom/kjellar, tvangsklypping, fastbinding, truslar om å bli sendt vekk/straff og barnearbeid.

Denne typen overgrep er i hovudsak rapportert frå søkjarar plassert på institusjonar/barneheimar før 1970, men og under plassering i fosterheimar innanfor same tidsperiode.

Seksuelle overgrep er rapportert frå både fosterheim og institusjon. Utvalet har og lagt seksuelle overgrep mellom born inn under overgrep. Dei seksuelle handlingane omfattar handlingar frå berøring til gjennomført samleie.

Seksuelle overgrep vart rapportert i 22 saker. Av desse var 9 menn og 13 kvinner. Av dei sakene som rapporterte om seksuelle overgrep, vart 18 personar ytt oppreising etter høgste oppreisingsbeløp.

Overgrepa vart i hovudsak utført av

- tilsette/styrarar som skulle syte for omsorga for borna
- eldre born på institusjonen
- besøkande eller personar som budde i lokalsamfunnet der institusjonen låg.

For plasseringar i fosterheimane vart overgrepa utført av fosterforeldre, fostersøsken og nabo/familienettverk.

7.2 Oppreising for fysisk og psykisk omsorgssvikt

Utvalet har fatta vedtak i 3 saker der søkjar har klagjort at han/ho har vore utsett for fysisk og psykisk omsorgssvikt. Utvalet har lagt til grunn følgjande definisjon av omsorgssvikt:

«Med **omsorgssvikt** meiner ein passiv fysisk mishandling som fører til manglande tilfredsstilling av barn sine fysiske behov. Grov understimulering og likegyldigheit og mangel på konsekvens og forståing i oppsedinga i ein slik grad at det hemmar barnet si utvikling er og omfatta. Døme på omsorgssvikt er sterkt avvikande ernæring, manglande beskyttelse mot fysiske farar, manglande hygiene og kle som ikkje passar til vær og temperatur».

Omsorgssvikt	Søknadar	Innvilga	Oppreisingsbeløp
Fysisk og psykisk omsorgssvikt 500 000 kroner	9	0	0
Fysisk og psykisk omsorgssvikt 300 000 kroner		3	900 000
Sum	9	3	900 000

Rapportert fysisk omsorgssvikt har omfatta dårlege butilhøve, lite tilpassa klede, for lite og dårleg mat, samt manglande oppfølging av personleg stell og helse.

Rapportert psykisk omsorgssvikt har omfatta manglande vaksenkontakt og tilsyn, manglande oppfølging av skularbeid, manglande stimulering i form av leik og fritidsaktivitetar, samt ei streng og kritisk oppdraging.

Rapportert fysisk omsorgssvikt saman med psykisk omsorgssvikt er representativ for perioden frå slutten av 1930-talet og fram midten av 1960-talet. Frå 1970-talet er det i hovudsak rapportert om manglande kjærleik og psykisk omsorg.

7.3 Avslag på innkomne søknadar

§ 8 Sakshandsaming

Det må i utgangspunktet krevjast klar sannsynleggjering for at utvalet skal legge til grunn at søkjar har vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt.

Oppreisingsutvalet har fatta 12 vedtak om avslag. Avslag vart gitt i saker der vilkåret for plasseringa var stetta, men der rapportert omsorgssvikt/overgrep ikkje stetta vilkåra i overgrepss- og omsorgssviktdefinisjonane eller var direkte i strid med opplysningar i dokumenta. I ei sak vart avslag gitt på bakgrunn av at søkjar tidlegare hadde fått utbetalt oppreising frå ein annan kommune for same forhold som omsøkt.

7.4 Avvising av innkomne søknadar

§ 8 Sakshandsaming

Oppreisingsutvalet skal avvise søknadar som fell utanfor ordninga.

Oppreisingsutvalet har avvist å handsame 8 søknadar. Avvisingsvedtaka har omfatta saker der plasseringsvilkåret ikkje vart stetta då plasseringane vart gjort av andre kommunar og av familie. Fire søknadar omfatta overgrep og omsorgssvikt i biologisk heim, og at kommunen ikkje greip inn. Ei av desse sakene fann den ansvarlege kommunen å legge under ordninga då kommunen var kjent med omsorgssituasjonen til søkjar. Denne søkjaren vart ytt oppreising. Utvalet har i tillegg avvist å handsame ein søknad om oppreising til pårørande.

7.5 Klager på vedtak fatta av oppreisingsutvalet

§ 9 Klage

Oppreisingsutvalet sine vedtak kan påklagast til respektive kommune sitt faste klageorgan, jf forvaltningslova § 28,2. ledd. Administrasjonen i kommunen er sekretariat for klageorganet.

Klager vart handsama etter reglane i forvaltningslova og lagt fram til ny handsaming i utvalet. Oppreisingsutvalet har handsama 10 klager. Klagene omhandla både avslag på oppreising og på oppreisingsbeløp. To av tre søkjarar fekk medhald i sin klage på oppreisingsbeløp. Ingen fekk medhald på avslag om oppreising. Klagene der søkjar ikkje fekk medhald, vart sendt over til handsaming i kommunen sine eigne klageorgan. Ingen av klagene fekk medhald.

7.6 Advokatbistand i søknadsprosess

§ 8 Sakshandsaming

Sekretariatet kan, i samråd med deltakarkommunen, i særlege tilfelle, innvilge dekking av utgifter til advokatbistand eller annan fagleg bistand for å få utarbeidd søknaden.

Sekretariatet har motteke få søknader om dekking av advokatutgifter. Det vart handsama to søknadar som vart delvis innvilga. Begge søkjarane klaga på vedtaket. Klagane vart ikkje teken til følgje.

7.7 Vedtaksbrev til søkjarane

Alle søkjarane fekk tilsendt brev med melding om vedtak, samt kopi av saksframstilling og protokoll etter at vedtaka vart fatta. I brevet vart det informert om klagerett og rutinar for utbetaling. Søkjar som vart ytt oppreising, måtte underskrive på at dei ikkje ville gå til erstatningssak mot kommunen for dei same forholda seinare før dei fekk utbetalt oppreisingsbeløpet.

Ansvarleg kommune vart informert gjennom brev med melding om vedtak, samt kopi av saksframstilling, saksdokument og vedtaksprotokoll.

Det vart vidare lagt ved eit orsakingsbrev som kommunen kunne sende til dei av søkjarane som vart ytt oppreising. Orsakingsbrevet hadde følgjande tekst:

*«Deltakarkommunane i felles oppreisingsordning i Sogn og Fjordane har erkjent at det gjennom fleire tiår har skjedd alvorlege tilfelle av omsorgssvikt og overgrep både ved barneverninstitusjonar, skuleheimar, fosterheim og ved andre plasseringar. Det har vore alvorleg svikt i oppfølging og tilsyn knytt til mange av dei plasseringane kommunane hadde ansvar for, og du har i din søknad fortalt at dette og har ramma deg.
..... kommune ynskjer å gje deg ei orsaking utan atterhald for den omsorgssvikt og dei overgrep du opplevde medan du var plassert ved Saman med denne orsakinga er det gjort vedtak om at du er ytt eit oppreisingsbeløp på kr som vil bli utbetalt til deg frå kommune. Vi håpar at vi med denne orsakinga kan bidra til eit betre tilvære for deg».*

Sekretariatet har erfaring for at kommunane utan unntak har sendt eit slikt brev.

7.8 Sakshandsamingstid

§ 8 Sakshandsaming

Handsamingstida skal normalt ikkje overstige 6 månader.

Av omsyn til den enkelte søkjar sitt behov for å legge saka bak seg, har det vore sett som mål at sakshandsamingstida ikkje skulle overstige seks månader. Dei fleste sakene har vore handsama innan tidsfristen. I enkelte saker har likevel teke tid å innhente dokumentasjon frå ulike instansar.

8. Oversikt over utgifter

8.1 Oppreisingsbeløp fordelt på deltakarkommunane

Den kommunen som plasserte søkjar i institusjon/fosterheim vart ansvarleg for oppreisinga i den enkelte saka fram til 1.1.1980. Kommunane betalte ut 50 prosent av oppreisingsbeløpet i perioden 1.1.1980 til 1.1.1993. Dersom omsorgsvikten strekte seg inn i perioden der kommunen og fylkeskommunen hadde delt ansvar, betalte fylkeskommunen 50 prosent av oppreisingsbeløpet.

Oppreisingsutbetalingar fordelt på kommunane/fylkeskommunen

Deltakarkommune	Beløp
Balestrand kommune	1 025 000
Bremanger kommune	1 087 500
Eid kommune	762 500
Fjaler kommune	0
Flora kommune	0
Førde kommune	612 500
Gloppen kommune	362 500
Hyllestad kommune	362 500
Høyanger kommune	2 175 000
Jølster kommune	500 000
Leikanger kommune	700 000
Luster kommune	1 000 000
Lærdal kommune	1 225 000
Naustdal kommune	1 450 000
Selje kommune	500 000
Sogndal kommune	725 000
Stryn kommune	0
Vågsøy kommune	5 400 000
Årdal kommune	2 450 000
Fylkeskommunen	2 062 500

Totalsum: 22 400 000 kroner

Det vart i forkant gjort anslag over kva kostnadane ved oppreisinga ville medføre for kommunane og fylkeskommunen. Erfaringar frå andre oppreisingsordningar tilsa at ordninga ville utløyse søknadar frå ca.1 pr. 1000 innbyggjar og at gjennomsnittleg utbetalt oppreisingsbeløp ville ligge på 500 000 kroner. Tal søknadar ville ligge på 100 søknadar. Kostnadane for

kommunane ville utifrå anslaget tilseie 50 millionar kroner. For fylkeskommunen var anslaget i forkant på 2.9 millionar kroner.

Som det går fram av tala over oppreisingsutbetalingar og tal innvilga søknadar, ligg kostnadane godt under halvparten av det anslaget som vart gjort i forkant.

8.2 Driftsutgifter

Kostnader knytt til informasjonsarbeid og annonsering vart likt fordelt på alle deltakarkommunar. Fylkeskommunen fakturerte på timebasis for informasjonsarbeidet etter timesatsane til sekretariatet og faktiske kostnader. Sekretariatet har teke betalt på timebasis for medgått tid pr. sak. Timeprisen har vore kr 450. I tillegg kjem eventuelle reisekostnader og diett.

Fram til 1.1.1980 dekkja den enkelte kommune sekretariatet sine utgifter med saka. Dersom overgrep/omsorgssvikt skjedde i perioden 1.1.1980 til 1.1.1993 dekkja fylkeskommunen 50 prosent av sekretariatet sine utgifter. Kostnader med møta i oppreisingsutvalet vart delte likt på dei kommunane som har hatt saker til handsaming.

Brutto utgifter 1.1.11-1.5.13	Sum
Oppreisingsutvalet	160 000
Sekretariatet	1 200 000
Andre utgifter	400 000
Sum	1 760 000

9. Avslutning

Deltakarkommunane har gjennom oppreisingsordninga teke eit moralsk ansvar for tidlegare omsorgssvikt og overgrep mot born som var under kommunal omsorg og plassert utanfor heimen.

Oppreisingsutvalet sine erfaringar i samband med handsaming av søknadane, samsvarer med med det som er summert opp i Befringutvalet si nasjonale kartlegging frå 2004 og i ulike granskingsrapportar rundt i landet.

Arbeidet i oppreisingsutvalet har dokumentert overgrep og omsorgssvikt av alvorleg karakter. Fysiske og psykiske overgrep har vore overrepresentert i søknadane. Seksuelle overgrep er rapportert frå søkjarar i heile tidsperioden ordninga har omfatta.

Omsorgssvikt har i hovudsak omfatta mangel på praktisk omsorg og tilsyn, manglande tryggleik, nærleik og opplevingar av å ikkje bli sett eller at nokon brydde seg.

Livsvilkåra og livskvaliteten for desse borna var dårlegare enn for andre born.

Det har vore fremma færre søknadar som gjeld tidsperioden 1980 til 1993, dvs. etter at fylkeskommunen fekk ansvar for institusjonane og fosterheimane. Vidare viser sakene at overgrep synest å ha minska i same periode. Dette samsvarer med dei erfaringane gjort i ulike granskningar. Sakene har og vist at omsorgstilhøva ved institusjonane har variert over tid.

Sekretariatet og oppreisingsutvalet har gjennom sitt arbeid møtt enkeltmenneske og deira historie. Mange av søkjarane har gitt uttrykk for lette over å bli trudd og at det har vore viktigare enn oppreisingsbeløpet. Søkjarar som ikkje har fått oppreising, har opplevd dette som urettvis og at dei ikkje er blitt trudd.

For nokre kommunar har det kosta svært mykje pengar. Oppreisingsutvalet har gjennom sitt arbeid sett at det har vore investert mykje arbeid i sakene innanfor dei råmer som var.

Sakene som har vore handsama innanfor ordninga ligg langt bakover i tid, og har ikkje utan vidare overføringsverdi til dagens situasjon. Lovverket sikrar i større grad born si rettstryggleik og behov, samstundes som kommunane sin kunnskap, kompetanse og profesjonalitet sikrar større kvalitet i arbeidet med born og unge.

Litteraturliste

Notat datert 15.01. 2010: Oppreisingsordning for omsorgssvikt/overgrep mot barn under offentlig omsorg – prosess, drøfting og framlegg til vedtekter for ordninga.

Vedtekter for oppreisingsordninga i Sogn og Fjordane.

NOU 2004: 23: Barnehjem og spesialskoler under lupen. Nasjonal kartlegging av omsorgssvikt og overgrep i barneverninstitusjoner 1945–1980 frå Befringutvalet.

Granskingsrapport frå institusjonar i Bergen avgitt 31.10. 2003.

Granskingsrapport frå Fylkesmannen i Rogaland avgitt 30.06.2006

Kjerstin Risnes 2008: «Det er makt i de foldede hender....» Ein studie av Sogns Barneheim frå 1891 – 1950 med utgangspunkt i den religiøse filantropien.

Thorleif Eikeland 2007: «Om å vokse opp på barnehjem og sykehus.» Ei undersøking av barneheimsbarn sine opplevingar på barneheim samanlikna med sanatoriebarn sine skildringar av langvarige sjukehusopphald.

Anna:

Sluttrapport frå kommunal oppreisingsordning i Rogaland avgitt 28.12.2010

Sluttrapport frå kommunal oppreising i Agder avgitt februar 2011.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto: morguefile.com